

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 18.01.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Sal av eiendom i Helse Stavanger HF**

**ARKIVSAK:** 2019/34  
**STYRESAK:** **011/19**

**STYREMØTE:** **05.02. 2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eiendomen Vardeneset 4a, gnr. 28 bnr. 3034 i Stavanger kommune og eiendomen Ostestadbakken 1, gnr. 109 bnr. 25 i Lindesnes kommune.
2. Styret føreset at eiendomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Stavanger HF, for formelt å vedta sal, jf. lov om helseføretak § 31.

## Oppsummering

Saka gjeld sal av to eigedomar Helse Stavanger har motteke som testamentarisk gåve.

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomane.

## Fakta

Helse Stavanger HF er saman med *Foreningen for hjertesyke barn*, tilgodesett i testament etter Thomas Oliver Thorsen. Testator har uttrykt at arven som kjem Helse Stavanger HF til gode skal nyttast til kreftforskning.

Det er også andre arvingar, men da med konkrete gjenstandar eller fastsette beløp. Helse Stavanger HF er saman med foreininga dei som arvar det som er attende når dei andre arvingane har motteke sitt. Det er foreininga, saman med Helse Stavanger, som er ansvarlege for å skifte buet. Det er engasjert ekstern advokat for å gjennomføre skiftet/realisere buet.

I buet inngår det to eigedomar, eit bustadhus, Vardeneset 4a, gnr. 28 bnr. 3034 i Stavanger kommune og ein fritidseigedom, Osestadbakken 1, gnr. 109 bnr. 25 i Lindesnes kommune.

Det er innhenta verdivurdering for begge eigedomane. Verdien på Vardeneset 4a er estimert til 3,5 millionar kroner og Osestadbakken 1 er estimert til 1,5 millionar kroner. Halvdelen av salet av eigedomane vil tilkome Helse Stavanger HF.

## Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Helse Stavanger har innhenta verdivurdering for begge eigedomane. Begge eigedomane har verdi under 10 millionar.

Styret i Helse Stavanger HF behandla saka i styremøte 20. desember 2018, sak 100/18. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

*«Styre vedtar salg av Vardeneset 4a, gnr 28/bnr 3034 i Stavanger kommune og Osestadbakken 1, gnr 109/bnr 25 i Lindesnes kommune. Saken sendes Helse Vest RHF for behandling i foretaksmøte i Helse Stavanger HF.»*

## Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomane. Ein legg til grunn at eigedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.